

Det Kongelige Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Innspel til jordbruksforhandlingane 2017

Vi viser til tilskotsbrev på landbruks- og matområdet for 2016, der fylkeskommunane blei invitert til å kome med innspel til jordbruksforhandlingane for 2017.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått innspel til arbeidet frå landbruksorganisasjonane i fylket, Innovasjon Norge og fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Fylkesutvalet handsama saka i møte 23. november 2016, og gjorde følgjande endelege vedtak:

1. *Jordbruksoppgjæret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.*
2. *Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane 2017:*
 - a. *Det må bli tatt omsyn til fylket sin eksisterande bruksstruktur. I nasjonal samanheng er fylket prega av mange små bruk, vanskeleg topografi, store avstandar mellom bruka og store avstandar til marknad og omsetning. Verkemidla må styrast slik at små og mellomstore bruk vert tekne i vare.*
 - b. *Det må bli ei styrking av distriktsretta verkemiddel knytt til grovfôrbasert produksjon av storfekjøt, lammekjøt, mjølk og produksjon av frukt og bær.*
 - c. *Det er viktig å legge til rette for betre økonomi i ammekuproduksjonen på mindre og mellomstore einingar. Ledig areal i distrikta må kunne nyttast og økonomien i ammekuproduksjonen må styrkast for buskaper inntil 20 dyr.*
 - d. *Vi må halde fast på dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter*
 - e. *For å kompensere for kostnader knytt til topografiske utfordringar, små teigar og bratte areal, bør det innførast eit driftsulempetilskot.*
 - f. *Tilskot til dyr på beite må aukast.*
 - g. *Det bør på nytt innførast eit nydyrkingstilskot.*
 - h. *Distrikts- og kvalitetstilskotet for industribær må aukast for å styrke økonomien i produksjonen. Pristilskot på økologisk frukt og bær bør aukast.*
 - i. *Det er stor trong for grøfting, og grøftetilskotet må aukast. Dette vil også vere eit særskilt godt klimatiltak.*
 - j. *Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast, og den regionale forvaltninga må halde fram. Regelverket for IBU-midlar bør endrast slik at det vert opna for maksimale tilskot på 40% og ikkje 33% som i dag.*
 - k. *Vi må utnytte handlingsrommet som dagens tollvern kan gje for auka pris til produsent.*

Vi viser også til saksprotokoll og saksframstilling i vedlegg.

Med helsing

Kristin Arnestad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Saksprotokoll – Fylkesutvalsak 119/16 – Jordbruksforhandlingane 2017

Saksframstilling - Fylkesutvalsak 119/16 – Jordbruksforhandlingane 2017

Kopi til:

Sogn og Fjordane Bondelag

Sogn og Fjordane Bonde og småbrukarlag